

Tildelingsbrev til Statens lånekasse for utdanning for 2026

Innhald

1	Innleiing.....	3
1.1	Regjeringa sine prioriteringar og forventningar.....	3
2	Mål.....	4
2.1	Målstrukturen for kunnskapssektoren.....	4
2.2	Mål for Statens lånekasse for utdanning	4
2.3	Særskilte forventningar til Lånekassen.....	5
3	Tildeling.....	7
3.1	Driftsmidlar.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
3.2	Midlar til prosjekt, program og tilskuddsordningar	9
3.3	Fullmakter	9
4	Fellesføringar og krav.....	10
4.1	Fellesføringar	10
4.2	Andre føringar og krav	12
5	Rapportering og resultatoppfølging	12
5.1	Rapportering om resultat.....	12
5.2	Styringsdialogen i 2026.....	14
5.3	Oversikt over fristar i 2026	15
5.4	Innspel til Statsbudsjettet for 2027	Feil! Bokmerke er ikke definert.
6	Vedlegg	16
6.1	Særskilte oppdrag til Statens lånekasse for utdanning i 2026.	17
6.2	Krav til årsrapport for Statens lånekasse for utdanning	19

1 Innleiing

På bakgrunn av Stortingets behandling av statsbudsjettet for 2026, jf. Innst. 12 S (2025–2026) og Prop. 1 S (2025–2026), sender Kunnskapsdepartementet med dette tildelingsbrev til Statens Lånekasse for utdanning (Lånekassen). Tildelingsbrevet er Kunnskapsdepartementets årlege styringsdokument. Lånekassen skal planleggje for og realisere måla og krava som dei er ansvarleg for innanfor dei gitte rammene. Eventuelle endringar eller ytterlegare tildelingar blir formidla gjennom supplerande tildelingsbrev i løpet av 2026.

Tildelingsbrevet gir ein overordna, men ikkje uttømmende oversikt over kva Lånekassen skal prioritere og utføre i gjeldande år. I tillegg til føringar i dette tildelingsbrevet, inneheld verksemds- og økonomiinstruksen (VØI) for Lånekassen oversikt over løpande ansvar, faste oppgåver og fullmakter. Kunnskapsdepartementet vil i løpet av 2026 revidere verksemds- og økonomiinstruksen for Lånekassen, kor også direktoratet vil bli involvert.

1.1 Regjeringa sine prioriteringar og forventningar

Regjeringa ønsker å ta Noreg vidare – tryggare, meir rettferdig og med sterkare fellesskap. Regjeringa sin plan for Noreg handlar om trygg økonomi, tryggleik for arbeids- og næringslivet, tryggleik for barn og unge, tryggleik for helse og tryggleik for landet. Utdanning, forskning og innovasjon er avgjerande for at Noreg skal kunne møte utfordringar i framtida. Utviklinga internasjonalt, med auka spenningar, klima- og miljøutfordringar, rask teknologisk endring, kombinert med demografiske endringar, aukande mangel på arbeidskraft og strammare økonomisk handlingsrom, stiller Noreg overfor nye utfordringar og krav. Dette forsterkar behovet for at verksemdene i kunnskapssektoren tar ei aktiv rolle i kompetansebygging, kunnskaps- og teknologiutvikling, omstilling og effektiv ressursutnytting.

Dei overordna rammene for regjeringa sin politikk for kunnskapssektoren er beskrive i Prop. 1 S (2025–2026) for Kunnskapsdepartementet. Universitet og høgskolar og underliggende verksemdar skal i 2026 følgje opp regjeringa sine mål, langsiktige prioriteringar og tiltak for kunnskapssektoren. Kunnskapssektoren må vere både effektiv og innovativ, og samtidig oppretthalde høg kvalitet.

Samfunnet treng kompetent arbeidskraft med høgare utdanning, høgare yrkesfagleg utdanning og fag- eller sveinebrev, jf. *Perspektivmeldinga*.¹ Universitet, høgskolar og fagskolar må framover leggje til rette for at fleire gjennomfører utdanningane og prioritere utdanningstilbod som best mogleg samsvarer med dei viktigaste kompetansebehova i samfunnet.

Forventing om redusert økonomisk handlingsrom i Noreg i åra som kjem kan medføre strammare driftsrammer, også for verksemdene i kunnskapssektoren. Lånekassen må utvikle si eiga omstillingsevne for å møte endra økonomiske rammer framover.

¹ [Meld. St. 31 \(2023–2024\) Perspektivmeldinga 2024](#)

2 Mål

Departementet ber verksemda sette seg godt inn i Prop. 1 S (2025–2026) for Kunnskapsdepartementet. Der er utviklingstrekk, tiltak og strategiar som er viktige for verksemda å kjenne til, omtalt.

2.1 Målstrukturen for kunnskapssektoren

Kunnskapsdepartementet har tre overordna mål for kunnskapssektoren:

- Kunnskap legg grunnlag for demokrati, velferd, omstilling og berekraft
- Samfunnet og arbeidslivet har tilgang på relevant kompetanse
- Kunnskapssektoren jamnar ut sosiale og geografiske forskjellar

Dei tre hovudmåla skildrar samfunnsoppgåva til Kunnskapsdepartementet.

Verksemdene i kunnskapssektoren spelar ei viktig rolle for å nå måla. Godt samspel mellom verksemdene under Kunnskapsdepartementet er viktig, slik at alle bidrar til måloppnåing for kvarandre. Lånekassen må derfor gjere seg kjent med det samla målbiletet med overordna mål og undermål slik det blir presentert i Prop. 1 S (2025–2026).

I tillegg til dei tre måla over, har Kunnskapsdepartementet i Prop. 1 S (2025-2026) fastsett desse måla for tildelingane under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte:

- Kompetanseheving og livslang læring er meir tilgjengeleg for alle over heile landet
- Opplæring og utdanning som gir fleire relevant kvalifisering

2.2 Mål for Lånekassen

I utdanningsstøttelova §1 er formålet med utdanningsstøtteordningane at dei skal bidra til

- like moglegheiter til utdanning,
- å sikre tilgang til kompetanse i samfunnet og
- at utdanning går føre seg under tilfredsstillande arbeidsforhold.

Departementet ventar at Lånekassen arbeider i tråd med dei overordna føringane og prioriteringane på feltet, jf. kap. 1.1, 2.3 og 2.4.

For å oppfylle formåla i utdanningsstøttelova har Kunnskapsdepartementet fastsett desse måla og styringsparametrane for Lånekassen for 2026:

Mål 1	Nr.	Styringsparameter	Rapporteringshyppigheit
Like moglegheiter til utdanning gjennom finansiering av kompetansebehova til den einskilde og samfunnet	1.1.	Treffsikker finansiering av utdanningskostnader og livsopphald	Årleg
	1.2	Legge til rette for samfunnet si noverande og framtidige kompetanseutvikling	Årleg
	1.3	Tilgang til relevant finansiering ut frå den einskilde sitt kompetansebehov	Årleg

Mål 2	Nr.	Styringsparameter	Rapporterings- hyppighet
Ein enklare kvardag for alle i utdanning og alle med utdanningslån	2.1	Heilskaplege, enkle og raske tenester, og profesjonell og effektiv saksbehandling	Halvårleg
	2.2	Finansiering til studiestart	Halvårleg

2.3 Særskilde forventningar til Lånekassen

2.3.1 Kontroll – misbruk og feil

Lånekassen skal motverke at utdanningsstøtteordningane blir misbrukte, og at lån og stipend blir utbetalt på feil grunnlag. Omfang og innretning på arbeidet skal vere basert på Lånekassen sine eigne risikovurderingar. Departementet viser til arbeidet med risiko for utnytting, misbruk og ytingsbedrageri. Det er viktig at Lånekassen har ekstra merksemd på området og arbeider kontinuerleg med å identifisere og lukke risikoområder for misbruk.

2.3.2 Bistand til offentleg utval om utdanningsstøtte og til utgreiing om å knytte studiestøtta til grunnbeløpet i folketrygda

Hovudtrekka i utdanningsstøtteordningane har ikkje vore endra på over 20 år, og utdanningsstøtta er i utgangspunktet utforma for heiltidsstudentane. Samtidig har behova til studentane og arbeidslivet endra seg. Regjeringa har derfor sett ned eit offentleg utval (NOU) for å sjå på korleis utdanningsstøtteordningane bør vere i framtida (sjå [mandat](#) her). Utvalet skal gjennomgå heile utdanningsstøttesystemet og gi kunnskapsbaserte råd til departementet i 2027 om korleis utdanningsstøtta bør utformast.

Lånekassen skal bidra til utvalet sitt arbeidet ved å skaffe relevant kunnskapsgrunnlag. Sjå også oppdrag nr. 01-2026 om dette under punkt 6.1. i vedlegg.

Lånekassen må også førebu seg på å bidra i arbeidet med å følgje opp vedtak i Stortinget om å greie ut korleis utdanningsstøtta kan knytast til grunnbeløpet i folketrygda.

2.3.3 Arbeid med løpande IT-modernisering

For å ivareta behova til dei som brukar Lånekassen også i framtida er det nødvendig med ei modernisering av IT-systema. Formålet med arbeidet er å sørge for framleis god driftstryggleik og auka fleksibilitet i IT-systema. Moderniseringa skal gjere det mogleg med framtidige endringar og meir fleksibilitet i utdanningsstøtta for å møte behova samfunnet og studentar vil ha i framtida. Arbeidet skal også sikre ei framleis kostnadseffektiv forvaltning av utdanningsstøtteordningane, og effektive og brukarvennlege tenester til elevar, studentar og tilbakebetalarar. Moderniseringa av IT-system skal også bidra til at verksemda kan oppfylle behova for god statistikkproduksjon og datadeling.

Lånekassen skal framover drive jamleg modernisering av IT-systema som ein del av den ordinære verksemda. Dette inneber ei strategisk oppbemanning av IT-kompetanse i verksemda. På den måten kan drifta i Lånekassen og utviklinga i utdanningsstøtteordningane halde fram, samstundes som IT-systema blir moderniserte.

2.3.4 Kontroll av ordninga med gjeldssletting i distrikta

Regjeringa har lagt fram og Stortinget har vedteke ei ny ordning med gjeldssletting i distrikta. Departementet ber Lånekassen om å kontrollere og følgje med på bruken av ordninga i 2026 på eigna vis. Sjå også oppdrag nr. 02-2026 om dette under punkt 6.1. i vedlegg.

2.3.5 Styrke kunnskapsgrunnlaget om utdanningsstøtte

Lånekassen skal fortsette arbeidet med å bidra til eit godt kunnskapsgrunnlag om utdanningsstøtte, spesielt om studentøkonomi. Slik kunnskap er viktig både for alle samfunnsaktørar som skal ta avgjerder om kompetanseutvikling og for god samordning i kunnskapspolitikken, og Lånekassen må derfor samarbeide med andre om dette. Det er behov for meir kunnskap om kva for betydning innretninga av utdanningsstøtteordningane har for rekruttering til utdanning, for gjennomføring av utdanning og arbeidsmarknadsutfall, og korleis innretninga av utdanningsstøtta heng saman med resten av utdanningssystemet.

Departementet ventar at Lånekassen utarbeider relevante analysar og relevant statistikk innanfor ansvarsområdet sitt. Lånekassen skal også formidle kunnskapen offentleg og sjå kunnskapen i samanheng med vidareutvikling av utdanningsstøtteordningane. Analysane skal sendast departementet seinast 2 veker før publisering.

2.3.6 Tverrsektorielt samarbeid for at fleire skal få ei varig tilknytning til arbeidslivet

Arbeidsmarknads-, integrerings- og utdanningsmyndigheitene har felles mål om å gi fleire moglegheita til å fullføre vidaregåande opplæring, inkludert ei fagopplæring, og få ein varig tilknytning til arbeidslivet. Verkemidla for dette ligg både i Arbeids- og velferdsdirektoratet (AV-dir), Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi), Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse (HK-dir), Lånekassen og Utdanningsdirektoratet (Udir).

Det er etablert eit særskilt samarbeid om ulike tiltak retta særleg mot ledige og utsette grupper gjennom eit felles oppdrag til AV-dir, HK-dir og IMDi. Lånekassen og Udir skal bidra inn i samarbeidet med dei andre verksemdene innanfor sine ansvarsområde for å redusere kjende barrierar for tilgang til utdanning og opplæring. Samarbeidet kan handle om livsopphald og tilpassing av tenestene til målgruppa, og skal bidra til at tiltak som treff målgruppa skal henge betre saman.

2.3.7 Forvalting og tolking av regelverket for utdanningsstøtte

Lånekassen har ansvar for å forvalte og tolke forskriftene til utdanningsstøttelova og gjennomføre endringar i regelverket på ein effektiv og sikker måte. Ansvar for forvalting og tolking inneber å sørgje for at:

- praksis er i tråd med gjeldande regelverk og rettsforståing
- vedtak, klageordning, rettleiing og informasjon varetek rettane og pliktane til brukarane
- departementet blir orientert om avgjerder i klagenemnda eller saker hos Sivilombodet som ikkje følgjer etablert praksis

Forvaltingsansvaret inneber også å bidra til utvikling av regelverket. Lånekassen skal vurdere nødvendige endringar i regelverket basert på risiko og relevans og leggje fram forslag til endringar for departementet. Eventuelle forslag skal følgje [Utredningsinstruksen](#).

Lånekassen skal innan **15. desember 2026** levere prisjusterte satsar for lån og stipend og grensar for inntekt, formue og trygde- og pensjonsytingar som skal gjelde for behovsprøvinga i forskrift om utdanningsstøtte frå studieåret 2027–28 og for forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån frå 2027.

Departementet tek sikte på at opprydding og tekniske endringar i forskriftene ikkje skjer årleg, men kvart tredje år. Kunnskapsdepartementet kjem attende til når og korleis dette arbeidet vil foregå.

Dersom det kjem endringar i utdanningsstøtta i samband med arbeidet med statsbudsjettet for 2027, gir departementet i løpet av våren 2026 oppdrag om bidrag til høyringsnotat.

2.3.8 Framtidas innkrevjing

I perioden 2022–2029 skal den statlege innkrevjinga bli modernisert. Arbeidet blir gjennomført i programmet *Fremtidens innkreving* som er eigd av Skatteetaten, men der fleire andre etatar deltar. Arbeidet skal bidra til meir moderne og betre samanhengande tenester på tvers av etatane, slik at brukaropplevinga blir forbetra og innkrevjinga blir effektivisert. I 2026 skal steg 1 av programmet fullførast, samtidig som steg 2 er i full gang. Lånekassen skal i 2026 starte sitt arbeid med tilpassing til dei moderniserte innkrevjingsløysingane.

3 Tildeling

Stortinget vedtok 22. desember 2025 løyvingane på budsjettpostane under Kunnskapsdepartementet sine kapittel i statsbudsjettet for 2026. Vi viser til Innst. 5 S (2025–2026), Innst. 12 S (2025–2026) og Prop. 1 S (2025–2026) for Kunnskapsdepartementet. Tabellen under viser dei tildelingane som er stilt til disposisjon for Lånekassen i 2026. Departementet har gitt tildelingane med atterhald om at Stortinget kan vedta budsjettendringar i 2026. Andre tildelingar og nye føringar gjennom året blir formidla i supplerande tildelingsbrev.

Økonomiforvaltning i Lånekassen skal vere i samsvar med gjeldande regelverk og instruksar, jf. bl.a. løyvingreglementet, rettleiaren i statleg budsjettarbeid, reglementet for økonomistyring i staten med tilhøyrande føresegnar og verksemds- og økonomiinstruks for Statens lånekasse for utdanning. Disponeringa av budsjettet skal vere i samsvar med vedtak i Stortinget og tildelingane frå departementet.

(Tal i 1000 kroner)

Kap./post	Postnemning	Løyving	Disponert av Kunnskapsdepartementet	Tildeling til Lånekassen
Kap. 2410	<i>Statens lånekasse for utdanning</i>			
Post 01	Driftsutgifter	474 394		474 394
Post 45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast under post 01	72 662		72 662

Post 50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	9 759 363	9 759 363	
Post 70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	4 372 783		4 372 783
Post 71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	575 428		575 428
Post 72	Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i>	4 214 138		4 214 138
Post 73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>	2 481 532		2 481 532
Post 74	Tap på utlån	340 500		340 500
Post 90	Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i>	46 041 030		46 041 030
	Sum kap. 2410	68 331 830	9 759 363	58 572 467
Kap. 5310	<i>Statens lånekasse for utdanning</i>			
Post 04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	700		700
Post 29	Termingebyr	1 700		1 700
Post 89	Purregebyr	119 133		119 133
Post 90	Redusert lån og rentegjeld	16 649 252		16 649 252
Post 93	Omgjering av utdanningslån til stipend	8 499 755		8 499 755
	Sum kap. 5310	25 270 540		25 270 540
Kap. 5617	<i>Renter frå Statens lånekasse for utdanning</i>			
Post 80	Renter	15 100 221		15 100 221
	Sum kap. 5617	15 100 221		15 100 221

3.1 Driftsmidler

Driftsmidla til Lånekassen blir tildelte over kap. 2410 post 01 og post 45. Lånekassen må søkje om overføring av ubrukt løyving frå 2025 til 2026 på kap. 2410, post 01 innan **1. februar 2026**. Eventuelle overføringar blir tildelte i eit supplerande til tildelingsbrev våren 2026. Det er lagt inn ein anslått heilårsverknad av lønnsoppgjeret for 2025 i statsbudsjettet for 2026. Løyving for lønnsregulering i 2026 som følge av lønnsoppgjeret i 2026 blir behandla som eiga sak i Stortinget. Departementet sender supplerande tildelingsbrev om dette i oktober/november 2026.

3.1.1 Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning

Post 01 Driftsutgifter

Tildeling på driftsposten skal dekkje alle utgifter til lønn og til anna drift av verksemda. For nærare omtale av posten, sjå Prop. 1 S (2025–2026). Tildeling på posten inkluderer:

- Reduksjon i løyvinga på 10 mill. kroner knyt til forvaltning av kompetanselånet som følgje av at ordninga ikkje blir innført.
- Reduksjon i løyvinga på 1,4 mill. kroner som følgje av endringane i vilkåra for forseinkingsrenter.
- 7 mill. kroner til utvikling og drift av digital løysing for sletting av utdanningsgjeld i utvalde distriktskommunar. Dette er ein reduksjon på 6 mill. kroner frå løyvinga frå 2025 på 13 mill. kroner til formålet.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald

Tildelingane under denne posten skal finansiere større utstyrsinnkjøp og vedlikehald. Dette inkluderer 45 mill. kroner til nødvendig utvikling og vedlikehald av IT-systema i Lånekassen. Tildelinga inkluderer også 26,8 mill. kroner til finansiering av at Lånekassen skal delta vidare i prosjektet *Framtidas innkrevjing*.

3.2 Midlar til prosjekt, program og tilskotsordningar

Endringar i utdanningsstøtteordninga som kjem av vedtak frå Stortinget, blir sette i verk gjennom forskrift om utdanningsstøtte, forskrift om godkjenning for utdanningsstøtte i Norge og forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån. Departementet vil oversende forskriftene etter at dei er fastsette. Se elles omtale i Prop. 1 S (2025–2026).

3.2.1 Andre postar på kap. 2410

Stikkordsfullmaktene på post 50, 70, 71, 72, 73 og 90 kjem fram av tabellen over og blir delegert frå departementet til Lånekassen i samband med tildelingane. Overslagsløyvingar opphevar ikkje plikta Lånekassen har til å be om tilleggsløyvingar eller å be om reduserte løyvingar. For nærare omtale av postane på kap. 2410, sjå Prop. 1 S (2025–2026).

3.2.2 Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning

For omtale av postane på kap. 5310, sjå Prop. 1 S (2025–2026).

3.2.3 Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning

For omtale av post 80 på kap. 5617, sjå Prop. 1 S (2025–2026).

3.3 Fullmakter

3.3.1 Fullmakter knytt til budsjettvedtaket frå Stortinget

Kunnskapsdepartementet si fullmakt til å gi tilsegn om å utbetale lån og stipend for første halvår 2027 etter satsane som blir fastsette for andre halvår 2026, jf. kap. 2410, post 70, 71, 72 og 90, samt kap. 5617, post 80, blir delegert til Lånekassen. Sjø vedtak IV Tilsegnfullmakt nr. 3 i Innst. 12 S (2025–2026), jf. Prop. 1 S (2025–2026).

Kunnskapsdepartementet si fullmakt til å gi tilsegn til omgjerding frå lån til stipend første halvår 2027 etter dei satsane som blir fastsett for andre halvår 2026, jf. kap. 2410, post 50, blir delegert til Lånekassen. Sjø vedtak IV Tilsegnfullmakt nr. 4 i Innst. 12 S (2025–2026), jf. Prop. 1 S (2025–2026).

Kunnskapsdepartementet gir Lånekassen fullmakt til å inntektsføre uteståande midlar mot Konverteringsfondet i same periode som konverteringa av lån til stipend blir gjort, og mot Lånekassens mellomverande med statskassa, jf. Prop. 1 S (2025–2026) vedtak VIII. Mellomverandet blir utlikna i den følgjande perioden når oppgjeret blir overført frå Konverteringsfondet.

3.3.2 Vidaredelegering av fullmakter delegert frå Kongen og Finansdepartementet

Kunnskapsdepartementet delegerer følgjande fullmakter til Lånekassen for budsjettåret 2025:

- nettoføre ved utskifting av utstyr på post 01, slik at inntekter frå sal av brukt utstyr kan bli ført på post 01, jf. punkt 2.2 i rundskriv R-110
- inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret, jf. punkt 2.3 i rundskriv R-110
- overskride løyvinga på post 01 med inntil 2 prosent av løyvinga mot tilsvarende meirinntekter, jf. punkt 2.4 i rundskriv R-110
- omdisponere inntil 5 pst. av løyvinga under post 01 til post 45, jf. punkt 2.5 i rundskriv R-110
- overskride driftsløyvinga med inntil 5 pst. til investeringsformål, mot tilsvarende innsparing i dei tre etterfølgjande budsjettåra, jf. punkt 2.6 i rundskriv R-110 12

Disponeringa av fullmaktene skal vere i tråd med vilkåra som Finansdepartementet har sett i rundskriv R-110.

3.3.3 Fullmakt til å utbetale erstatning som følgje av krav mot staten

Kunnskapsdepartementet gir Lånekassen fullmakt til å belaste kapittel 471 *Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning*, post 71 *Erstatningsansvar m.m.* for erstatningar som er omfatta av rundskriv G-01/2017 frå Justis- og beredskapsdepartementet. Departementet presiserer at Lånekassen er ansvarleg for at vilkåra for å utgiftsføre erstatningsutbetalingar på kap. 471 post 71 er oppfylte i samsvar med føresegnene i rundskrivet, og at Justis- og beredskapsdepartementet blir varsla i samsvar med rundskrivet punkt 4.

4 Fellesføringar og krav

4.1 Fellesføringar

4.1.1 Regjeringa sine fellesføringar til alle statlege verksemder

Fellesføringane for 2026 er dei same som for 2025. [Rundskriv D-1/25](#) med utdjupande forklaring om korleis verksemdene skal forstå fellesføringane og korleis resultata skal bli framstilt i årsrapportane kan derfor brukast inntil vidare. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet vil tidleg i 2026 sende ut eit oppdatert rundskriv.

Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Det er eit mål med systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk. Lånekassen skal følgje opp dette målet. Lånekassen skal ta

omsyn til ivaretaking av kjerneoppgåver og kostnadseffektivitet i dette arbeidet. Lånekassen skal òg vurdere korleis klimaendringane vil påverke verksemda. Lånekassen skal gjere systematiske vurderingar av eige energibruk og ta i bruk lønsame energieffektive løysingar, og auke energifleksibiliteten der dette er relevant.

Positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring

Regjeringa har høge ambisjonar for inkludering og mangfald. Statlege verksemder skal ha ei positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring. Arbeidsgjevarane skal i samarbeid med dei tillitsvalde sjølv definere eit føremålstenleg ambisjonsnivå for verksemda, ut frå eigenart og storleik.

Lånekassen skal i årsrapporten oppgi tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring i 2026, og det totale talet på tilsetjingar i verksemda i 2026. Lånekassen skal òg omtale utviklinga i 2026 samanlikna med rapporteringa si for 2025.

Redusere bruk av konsulentar

Det er eit mål at staten samla sett skal redusere bruk av konsulentar ved å utvikle eigen kompetanse. Lånekassen skal arbeide for å redusere bruk av konsulentar på områder der verksemda kan bruke interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal ein som hovudregel ikkje bruke tenester frå kommunikasjonsbransjen. Lånekassen skal i årsrapporten for 2026 rapportere om bruk av konsulentar og oppfølginga av fellesføringa, irekna totalbeløp for kjøp av konsulenttenester, kva tiltak som er sett i verk og konkrete resultat. Om det er fagområde og/eller kompetanseområde der konsulentar blir brukt i særleg grad i Lånekassen, skal bakgrunnen for dette omtalast nærare.

Lånekassen skal som ein del av rapporteringa òg gi ein overordna omtale av eventuelle kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen (alle typar kommunikasjonstenester) i 2026 og opplyse om totalbeløp for kjøp av slike tenester. Om utgiftene til kjøp av konsulenttenester er vesentlege, bør verksemda spesifisere det nærare i note til årsregnskapet. Om Lånekassen har større kjøp av konsulenttenester frå andre statlege leverandørar, bør dette omtalast særskilt.

4.1.2 Føringar for Kunnskapsdepartementet sine underliggende verksemder

Tryggleik og beredskap for 2026

Kunnskapsdepartementet legg til grunn at Lånekassen held seg oppdatert om trugselvurderingar frå nasjonale fagmynder og støtter opp om hovudprioriteringane i *Nasjonal sikkerhetsstrategi*.

2026 vil bli markert som Totalforsvarsåret, og har som mål å *styrkje Noregs evne til å førebyggje og handtere tryggleikspolitiske krisar og krig*. Kunnskapsdepartementet vil vurdere relevante aktivitetar som vil bidra til å oppnå måla for Totalforsvarsåret.

Departementet oppfordrar også dei underliggende verksemdene til å vurdere slike aktivitetar

innanfor eige ansvarsområde. Informasjon om Totalforsvarsåret blir publisert fortløpande på dsb.no.

[Styringsdokument for arbeidet med sikkerhet og beredskap i Kunnskapsdepartementets sektor](#), revidert i 2025, skal ligge til grunn for arbeidet med samfunnstryggleik, nasjonal tryggleik og informasjonstryggleik. Rapporteringskrava nedanfor gjenspeglar krav frå styringsdokumentet.

Lånekassen skal i årsrapporten for 2026 rapportere om følgjande:

1. Gjer greie for status for verksemda sitt arbeid med å få oversikt over eigne verdiar og avhengigheiter med omsyn til nasjonal tryggleik. Kva for planer har verksemda for oppfølginga av dette arbeidet?
2. Når oppdaterte (og eventuelt reviderte) Lånekassen sist sin ROS-analyse? Kva for områder er identifisert som dei med høgast risiko for verksemda?
3. Gjer greie for dei viktigaste læringspunkta frå krise- og beredskapsøvingar som er gjennomførte i 2026.
4. Gjer greie for arbeidet med styringssystem for tryggleik, her medrekna korleis dette er samordna med leiingssystem for informasjonstryggleik og verksemdsstyringa elles. (jf. kap. 5 i styringsdokumentet).

4.2 Andre føringar og krav

4.2.1 Oppfølging av nasjonal digitaliseringsstrategi og datadeling

[Fremtidens digitale Norge - Nasjonal digitaliseringsstrategi 2024-2030](#) peikar ut digitaliseringspolitikk til regjeringa fram til 2030. Alle offentlege verksemder skal bidra til å realisere strategien. Det inneber både å støtte opp under tiltak frå regjeringa og innrette eigen digitalisering slik at den bidrar til å nå måla i strategien. Samarbeid og samordning mellom sektorar og forvaltingsnivå er avgjerande for å lykkast, og skal byggje på prinsippa i strategien.

Datadeling er eit særskilt prioritert område i kunnskapssektoren. Departementet ber Lånekassen utarbeide ein plan for sitt arbeid med orden i eige hus og datadeling. Arbeidet med datadeling skal byggje på felles spelereglar og støtte opp under kunnskapen og tenestene som er utvikla gjennom KUDAF-programmet (2020-2025). *Sikt – Kunnskapssektorens tjenesteleverandør* overtar i løpet av første halvår i 2026 oppgåva med koordinering og pådrivarfunksjon for datadeling i kunnskapssektoren. Lånekassen sin plan for datadeling vil vere eit viktig grunnlag for samarbeidet med Sikt på dette området.

5 Rapportering og resultatoppfølging

5.1 Rapportering

5.1.1 Årsrapport – rapportering på måloppnåing

Lånekassen skal årleg utarbeide ein årsrapport til Kunnskapsdepartementet. Sjå retningslinjer frå Finansdepartementet (R-115) og rettleiar frå Direktoratet for økonomistyring (DFØ), samt punkt 6.2, for krav til innhald i årsrapporten. Lånekassen skal rapportere på alle

oppdrag gitt i tildelingsbrev, inkludert eventuelle supplerande tildelingsbrev. I årsrapporten skal Lånekassen også gjere greie for status for likestilling i verksemda i tråd med forklaringsplikta.

Lånekassen skal utarbeide og sende årsrapport for 2025 til departementet innan **15. mars 2026**. Lånekassen skal også sende årsrapporten til Riksrevisjonen. For rapportering på fellesføringer for 2025, skal direktoratet gjere seg kjent med [rundskriv D-1/25](#).

Lånekassen skal også utarbeide og sende årsrapport for 2026 til departementet, med kopi til Riksrevisjonen, innan **15. mars 2027**

[Rundskriv R-114](#) frå Finansdepartementet om bruk av dei statlege rekneskapsstandardane (SRS), viser til at alle statlege verksemdar skal ta i bruk SRS innan 2027.

Når det gjeld krav til årsavslutning av verksemda sitt rekneskap og fristar for innrapportering til Direktoratet for økonomistyring, viser vi til årleg rundskriv frå Finansdepartementet ([Statsregnskapet for 2025 – Årsavslutning og fristar for innrapportering](#)). Departementet ber om at direktoratet i årsrapporten gjer greie for større avvik mellom tildelte og rekneskapsførte beløp.

5.1.2 Klagesaker og klagenemnda si beretning

Klagenemnda til Lånekassen har ansvar for å levere ein årsrapport for sitt arbeid.

Klagenemnda si årsrapport kjem i tillegg til omtala av klagesaksbehandlinga i Lånekassen si årsrapport.

Årsrapporten skal innehalde klagenemnda si vurdering av eige arbeid det førre året, utviklingstrekk i klagesakene og ei oversikt over tal og kva for type klager nemnda har behandla. Det er også venta at årsrapporten omtalar eiga oppfølging av dei nye krava i revidert instruks for klagenemnda sitt arbeid av august 2024, samt arbeidet med å forbetra grunngevinga i nemnda sine vedtak.

Rapporten frå nemnda er eit tillegg til Lånekassen si årsrapport som skal bli sendt til departementet innan **15. mars 2026 for året 2025, og innan 15. mars 2027 for året 2026**. Rapporten til klagenemnda skal vere offentleg publisert.

5.1.3 Resultat- og økonomirapport per 31. juli 2026 (halvårsrapport)

Halvårsrapporten skal gi status per 31. juli 2026 og prognosar for venta resultat for heile 2026. I vurderinga av eiga resultatoppnåing skal Lånekassen sjå hen til måla for verksemda. Lånekassen skal omtale og forklare eventuelle avvik, og eventuelle igangsette eller planlagde tiltak for å redusere avvik. Frist for å sende halvårsrapporten til Kunnskapsdepartementet er **1. oktober 2026**.

Lånekassen skal rapportere på arbeidet med IT-moderniseringa i halvårsrapporten. Lånekassen skal også gjere kort greie for overordna risikovurderingar i samsvar med pkt. 5.2.3, dersom grad av risiko er nemneverdig endra sidan Lånekassen presenterte risikovurderingane sine i etatsstyringsmøtet.

Lånekassen skal også utarbeide ein økonomirapport med status per 31. juli og prognosar for 2026 for kap. 2410, post 01 og post 45. Verksemda skal kommentere eventuelle avvik og faseforskyvingar. Lånekassen skal sende økonomirapporten til departementet innan **1. oktober 2026**, dvs. samtidig med halvårsrapporten.

5.1.4 Rapportering om avvik

Lånekassen skal, løpande ved behov og på eige initiativ, melde eventuelle avvik og uønskte hendingar av tilstrekkeleg alvorsgrad til Kunnskapsdepartementet, til dømes saker frå Sivilombodet og i rettsapparatet.

5.1.5 Publisering av årsrapport, årsrekneskap og tildelingsbrev

Lånekassen skal publisere årsrapporten, årsrekneskapen, tildelingsbrevet, inkludert signert oversendingsbrev, og eventuelle tillegg til tildelingsbrev på sine nettsider innan éi veke etter at det er motteke, jf. føresegner om økonomistyring i staten pkt. 2.3.2 og 2.3.3., og seinast innan **1. mai 2026**.

Lånekassen skal også publisere Riksrevisjonens revisjonsberetning så snart denne er klar.

5.2 Styringsdialogen i 2026

5.2.1 Etatsstyringsmøte

Kunnskapsdepartementet innkallar til etatsstyringsmøte mellom departementet og Lånekassen **27. mai 2026 klokken 13:00-15:00**. Møtet vil vere i Kunnskapsdepartementet sine lokalar i Kirkegata 18 i Oslo.

Etatsstyringsmøtet skal vere ein strategisk dialog om utviklinga til direktoratet. Sentrale tema i møtet er resultat, ambisjonar, strategiske prioriteringar og utfordringar, inkludert risikovurderingar.

Departementet ber om at Lånekassen sender strategisk viktige saker til departementet seinast ein månad før etatsstyringsmøtet. Det skal følgje bakgrunnsinformasjon på inntil ein halv side for kvar innmeldte sak.

Departementet vil oversende dagsorden seinast to veker før møtet.

Lånekassen får ein skriftleg tilbakemelding frå departementet på bakgrunn av årsrapporten for 2025 og dialogen i etatsstyringsmøtet.

Det kan også bli arrangert styringsmøter ved behov gjennom året.

5.2.2 Faglege dialogmøte

Departementet og Lånekassen skal jamleg, og ved behov, ha faglege kontaktmøte om aktuelle tema. Dette kan vere på leiarnivå og/eller på saksbehandlarnivå. Både direktorat og departement kan ta initiativ til slike møte.

5.2.3 Risikostyring

Måla for verksemda til Lånekassen er skildra under punkt 2.2. Risikovurderingar er ein integrert del av departementet si mål- og resultatstyring. Risikovurderingar skal vere ein integrert del av arbeidet i verksemda. Lånekassen skal gjere sjølvstendige vurderingar av risiko for avvik i måloppnåinga, inkludert sannsynet for avvik og konsekvensar av dette, og viktigheita av avviket for verksemda si måloppnåing. Desse forholda skal inngå i Lånekassen si styring og bli omtalt i rapporteringa. Lånekassen skal også gi ei vurdering av om tiltak skal bli sett i verk for å redusere risiko til eit akseptabelt nivå. Lånekassen skal utføre risikoreduserande tiltak innanfor eiga ressursramme.

5.3 Innspel til statsbudsjettet

Lånekassen kan sende inn eventuelle innspel til statsbudsjettet i form av innsparingsforslag og satsingsforslag. Eventuelle satsingsforslag skal vere i tråd med vedlagt rettleiing, sjå punkt 6.3. Frist for innsending av satsingsforslag for 2028 er **1. november 2026**. Forslaget sendast til postmottak@kd.dep.no.

Innspel til tekniske justeringar av statsbudsjettet i løpet av året skal inkludere både drifts- og støtteposter.

Lånekassen skal sende innspel til fordeling på underpostane under kap. 2410, post 01 for Statsbudsjettet for 2027. Innspelet skal innehalde prosentvis fordeling på underpost 1 Løn og godtgjersler og underpost 2 Varer og tenester. Fristen for innspel er 11. desember 2026.

Departementet kan be Lånekassen svare på konkrete bestillingar, i samband med dei einskilde budsjetttrundane. Dei mest omfattande budsjetttrundane er skildra i oversikta nedanfor.

5.3.1 Innspel til Prop. 1 S (2026–2027)

Departementet ber om at Lånekassen utarbeider innspel til departementet si rapportering om Lånekassen si verksemd og resultat i Prop. 1 S (2026–2027). Rapporteringa i budsjettframlegget til Prop. 1 S (2026–2027) gjeld året 2025. Teksten skal vere på den målforma proposisjonen blir skrive på.

Lånekassen skal også rapportere på endringar i støttebudsjettet (relevante postar på kap. 2410, 5310 og 5617). Rapporteringa skal også innehalde innspel om erfaringar knytt til endringar gjort i støttebudsjettet. Fristen for rapportering på støttebudsjettet er **1. mai 2026**.

Fristen for innspel om driftsbudsjettet (kap. 2410 post 01 og post 45) er **15. april 2026**.

5.4 Oversikt over fristar i 2026

Nedanfor er ei oversikt over hovudtrekka i den formaliserte kontakten mellom Lånekassen og Kunnskapsdepartementet, og rapporteringsfristar. Planen er tentativ og kan bli endra i løpet av året. Departementet vil i tillegg sende eigne bestillingar i budsjettarbeidet.

Dato**	Sak	Aktivitet
Medio og ultimo Januar	Teknisk justering* av utdanningsstøttepostane i 2027-budsjettet	Leverer innspel til KD: 10. januar: foreløpige anslag 25. januar: endelege anslag med kommentarar
1. februar	Frist for å søkje om overføring av ubrukt løyving frå 2025 til 2026	
15. mars	Revidert nasjonalbudsjett 2026	Leverer innspel til KD
15. mars	Årsrapport med rekneskap / Prop. 1 S	Leverer årsrapport samt innspel til Prop. 1 S, jf. pkt. 5.1.1 og 5.1.5
15. mars	Budsjettforslag 2027	Budsjetteffektar av forventa vekst i KPI for 2027
15. april	Prop. 1 S	Leverer innspel til rapport på post 01, jf. pkt. 5.3.1
27. mai	Etatsstyringsmøte	Møte mellom KD og Lånekassen, jf. punkt 5.2.1
1. mai	Prop. 1 S	Leverer innspel til rapport utdanningsstøttepostane, jf. pkt. 5.3.1
30. juni	Rammefordeling av 2027-Budsjettet	Leverer innspel til KD
Ca. 1. august	Budsjettforslag 2027	Budsjetteffektar av nytt KPI-anslag for 2027
1. oktober	Halvårsrapport	Leverer halvårsrapporten og økonomirapporten, jf. pkt. 5.1.3
10. oktober	Omgruppering/nysaldering av 2026-budsjettet	Leverer innspel til KD
1. november	Budsjettforslag 2028	Leverer eventuelle innspel til KD
Primo/medio november	Tildelingsbrev 2027	KD sender utkast til Lånekassen
Medio/ultimo November	Tildelingsbrev 2027	Lånekassen sender sine merknader til utkastet til KD
15. desember	Forskrifter	Leverer fulltekstversjon av endringsforskrifter med oppdaterte lån- og stipendsatsar og behovsprøvingsgrenser, ref. pkt. 2.3.7
Medio desember	Tildelingsbrev 2027	KD sender endeleg tildelingsbrev til Lånekassen, etter stortinget si handsaming av statsbudsjettet for 2027
11. desember	Innspel til underpostfordeling på 01-postar til Statsbudsjettet for 2027	Innspel til underpostfordeling på 01-postar med prosentvis fordeling på underpost 1 Løn og godtgjersler og underpost 2 Varer og tenester.

* Konsekvensjusteringar blir nå omtalt som tekniske justeringar.

** Dersom fristar fell på helgedag er fristen siste verkedag før helgedagen.

6 Vedlegg

6.1 Særskilte oppdrag til Statens lånekasse for utdanning i 2026.

Oppdraga i tildelingsbrevet er nye oppdrag av tidsavgrensa varigheit som Lånekassen ikkje tidlegare er tildelt. Oppdrag som er gitt tidlegare, blir ikkje gjenteke, og fristar som tidlegare er satt, gjeld inntil noko anna er formidla frå Kunnskapsdepartementet.

Oppdrag nr:	01-2026
Oppdrag:	<i>Bistand til offentleg utval (NOU) om gjennomgang av utdanningsstøtteordningane</i>
Tilknytning til mål:	<i>Mål 1 – treffsikker finansiering av utdanningskostnader og livsopphald, og mål 2 – ein enklare kvardag for alle i utdanning og alle med utdanningslån</i>
Frist:	<i>Fristar avklarast i dialog mellom Kunnskapsdepartementet og Lånekassen</i>
Tildeling:	<i>Innafor eigen driftsramme</i>
Bakgrunn for oppdraget: Regjeringa har satt ned eit offentleg utval (NOU) for å sjå på korleis utdanningsstøtteordningane bør vere i framtida (sjå omtale under punkt 2.3.2). Utvalet skal gjennomgå heile utdanningsstøttesystemet og levere kunnskapsbaserte råd til departementet i form av ein rapport sommaren 2027 om korleis utdanningsstøtta bør utformast. Hovudtrekka i ordningane har ikkje vore endra på over 20 år, og utdanningsstøtta er i utgangspunktet utforma for heiltidsstudentane. Samstundes har behova til studentane og arbeidslivet endra seg.	
Beskriving av oppdraget: Lånekassen skal bidra i utvalet sitt arbeidet ved å skaffe relevant kunnskapsgrunnlag. Det kan vere i form av eige utgreiingsarbeid, oppsummering av eigen kunnskap og data, og anna informasjonsinnhenting i samband med NOU 'en.	
Rapportering og leveranse: Fristar avklarast i dialog mellom Kunnskapsdepartementet og Lånekassen.	

Oppdrag nr:	02-2026
Oppdrag:	<i>Innføring av ny gjeldssletteordning i utvalde distriktskommunar</i>
Tilknytning til mål:	<i>Mål 2 - ein enklare kvardag for alle i utdanning og alle med utdanningslån</i>
Frist:	<i>Nytt system skal vere klart for å handtere søknadar i januar 2026. Lånekassen skal rapportere til departementet undervegs dersom problem oppstår i samband med innføring av ordninga.</i>
Tildeling:	<i>Oppdraget blir finansiert innanfor gjeldande driftsbudsjett under kap. 2410 post 01</i>
Bakgrunn for oppdraget: Stortinget har vedteke å innføre gjeldssletting på 25 000 kroner i året for arbeidstakarar busette i kommunar i sentralitetssone 5 og 6, med første oppteningsperiode frå 1. januar 2025 og første sletting 1. januar 2026. Det er ingen tidsavgrensing for ordninga, og slettinga gjeld for alle formar for utdanningsgjeld knytt til utdanning og opplæring som er teke.	
Beskriving av oppdraget: Departementet ber Lånekassen sørge for at den nye gjeldssletteordninga i distrikta, kan bli handheva frå januar 2026. Sidan oppteningsperioda for den nye ordninga i distrikta starta 1. januar 2025, er den første perioden med gjeldssletting for låntakarar som oppfyller krava om gjeldssletting frå 1. januar 2025 til 1. januar 2026. Departementet ber Lånekassen handheve ordninga i tråd med forskrifta og sørgje for ein føremålstenleg kontroll av ordninga. Dersom det er nødvendig med noko lengre tid for implementering, er det viktig at det berre påverkar søkjetidspunktet, og ikkje den einskilde si rett til gjeldssletting eller perioden dei får sletting for. Kunnskapsdepartementet ber Lånekassen evaluere den nye ordninga for gjeldssletting, både i lys av bruksgrad, treffsikkerheit og grad av målretting. Denne evalueringa skal kome når ordninga har verka i nokre år. Departementet kjem attende til dette. Departementet ber samtidig om at Lånekassen allereie i løpet av 2026 følger med på bruken av ordninga og innan utgangen av 2026 leverer ei deskriptiv rapportering på bruksgrad og kven som så langt har nytta ordninga, og anna statistikk som er relevant. På den måten ønsker departementet å få eit best mogleg kunnskapsgrunnlag om ordninga så tidleg som mogleg, også for eventuelt å kunne identifisere risiko med ordninga.	
Rapportering og leveranse: Lånekassen skal innan utgangen av 2026 rapportere til departementet om deskriptive tal knytt til bruken av den nye gjeldssletteordninga.	

6.2 Krav til årsrapport for Statens lånekasse for utdanning

Statens lånekasse for utdanning (Lånekassen) skal innen **15. mars 2026** sende årsrapport for 2025, og innen **15. mars 2027** sende årsrapport for 2026 til Kunnskapsdepartementet (postmottak@kd.dep.no), med kopi til Riksrevisjonen (postmottak@riksrevisjonen.no).

Årsrapporten skal ha følgende struktur, jf. [Bestemmelser om økonomistyring i staten](#), pkt. 1.6.1:

1. Leiar sin melding
2. Introduksjon til verksemda og hovudtal
3. Årets aktivitetar og resultat
4. Styring og kontroll i verksemda
5. Vurdering av framtidsutsikter
6. Årsregnskap

Årsrapporten skal i tillegg innehalde annan informasjon av betydning for departementets styring og oppfølging, jf. [Bestemmelser om økonomistyring i staten](#), pkt. 2.3.3.

Departementet viser elles til verksemds- og økonomiinstruks for Lånekassen og [rettleiing om utarbeiding av årsrapport](#) frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ).

Departementet gjer oppmerksom på at Lånekassen skal publisere årsrapporten på nettsida til verksemda innan **1. mai 2027**.

Årsrapporten skal vere eit strategisk dokument som opplyser om resultat, mål og planar for verksemda. Rapporten bør vise kva institusjonen har lukkast med, sentrale utfordringar samt korleis desse skal handterast. Årsrapporten er også sentral for resultatoppfølging og planlegging i verksemda.

6.2.1 Leiar sin melding

Leders beretning skal signerast og skal svare ut:

- Er måloppnåing og resultat for 2026 tilfredsstillande?
- Er det nokon vesentlege forhold, interne eller eksterne, som har hatt betydeleg påverknad på resultat til Lånekassen?
- Kva er dei viktigaste prioriteringane for 2027?

Departementet anbefaler at omtalen ikkje overstig to sider.

6.2.2 Introduksjon til verksemda og hovudtal

Introduksjonen bør gi informasjon om følgende:

- Departementstilhøyring, tilknytingsform og samfunnsoppdrag for verksemda
- Lokalisering, organisasjonskultur og toppleiinga, inkludert vesentlege endringar.
- Utvalde hovudtal: Departementet anbefaler at omtala minimum inneheld årsverk, totale inntekter og total tildeling frå Kunnskapsdepartementet og ev. andre inntektskjelder.

Departementet anbefaler at omtalen ikkje overstig to sider.

6.2.3 Årets aktiviteter og resultat

Kapitelet skal innehalde resultatrapportering på mål og styringsparameterar for verksemda jf. omtale i tildelingsbrevet, samt tildelte midlar jf. kapittel 3 i tildelingsbrevet.

Lånekassen bør i resultatrapporteringa leggje vekt på konkrete resultat. Resultata bør evaluerast, særleg dersom det er betydelege endringar frå eitt år til et annet. Videre bør Lånekassen bruke data og relevante kjelder til å belyse måloppnåinga, i lys av utviklinga over tid, ambisjonsnivå, og strategien til Lånekassen.

Publisering av analysar og førehandsvarsling til Kunnskapsdepartementet

I årsrapporten skal Lånekassen vise fram analyserapportane dei har publisert i løpet av året, hovudresultata frå desse rapportane og i kva grad dei har bidratt til den offentlege debatten. Det skal og vises korleis Lånekassen har gjort statistikk om bruken av utdanningsstøtteordningane offentleg tilgjengeleg på sine nettsider.

6.2.4 Styring og kontroll i verksemda

Den første delen av kapitelet skal innehalde rapportering om styring og kontroll i verksemda. I den andre delen skal institusjonane rapportere på føringane og krava i kapittel 4 i tildelingsbrevet.

6.2.4.1 Del 1: Rapportering om styring og kontroll i verksemda

Verksemdene skal ha opplegg for styring og kontroll som er tilpassa verksemda si eigenart, risiko og relevans. Rapporteringa skal innehalde:

- Ei framstilling av systemet for risikovurdering og at risikovurderinga er gjennomført
- ein overordna vurdering av de største risikoområda som kan virke inn på evna til å nå fastsette mål og resultat, og gjennomførte eller planlagde tiltak for å redusere risiko
- ein vurdering av om opplegget for styring og kontroll er godt nok til at:
 - fastsette mål og resultatkrav blir nådd
 - ressursbruken er effektiv
 - lover og regler blir overhaldne
 - resultat- og regnskapsinformasjonen er relevant og påliteleg
 - vesentleg styringssvikt, feil og manglar blir avdekkja og handtert
 - internkontrollen er dokumentert
- omtale av andre vesentlege forhold departementet må kjenne til
- omtale og oppfølging av ev. merknader frå Riksrevisjonen. Dersom Riksrevisjonen ikkje har merknader, så skal direktoratet bekrefte dette.

6.2.4.2 Del 2: Rapportering på andre føringar og krav

Lånekassen skal i denne delen rapportere på fellesføringar frå regjeringa og andre krav som framkommer i kapittel 4 i tildelingsbrevet. Rapporteringa om kontroll skal vere ein del av årsrapporten.

6.2.5 Vurdering av framtidsutsikter

Omtalen bør vere basert på strategien, profilen og eigenarten til verksemda og vise langsiktige ambisjonar. Omtala bør også dekkje planar for utvikling av samarbeid med

nasjonale og internasjonale aktører. Verksemda må synleggjere overordna prioriteringar og eventuell budsjettverknad av disse.

6.2.6 Årsrekneskap

Dette kapitelet skal innehalde årsrekneskapen med noter og kommentarar frå leiinga underteikna av leiar for verksemda. Opplysningsnotar til årsregnskapet skal ikkje bli tatt med i årsrapporten. Opplysningsnotane er markert i oppgjerspakka frå departementet.

Regnskapet skal vere i høve til krav fastsette i økonomiregelverket, [rundskriv R-115 av 26. november 2025](#) frå Finansdepartementet og krav Kunnskapsdepartementet har fastsett.

Departementet vil i eget brev oppgi fristar og krav som vil gjelde for delårsrekneskapane og årsrekneskapen.

6.3 Mal for satsingsforslag til statsbudsjettet for 2028

Beskrivande tittel (xx mill. kroner)

Kap. post-fordeling

(i 1 000 kroner)							
Kap.post	Saldert budsjett 2024	2025	2026	2027	2028	Varig endring	Totalsum
Sum							

Problembeskriving:

Kva er problemet?

Kva vil vi oppnå?

Beskriving av tiltaket:

Korleis skal midlar nyttast?

(Konkret beskriving: f.eks. utbetale tilskott, opprette nye kontor etc.)

Vi ber dykk også vise kor mykje som evt. nyttes på dette området frå før.

Forventa verknader av tiltaket:

Kva for konkrete resultat ventes?

Kva er meirverdien av forslaget til løyvingsauke samanlikna med ein vidareføring av eksisterande ressursbruk?

Verknader (positive og negative) utover hovudformålet med tiltaket. For eksempel på arbeidstilbod, miljøeffektar eller fordelingseffektar.

Samfunnsøkonomisk nytte:

Beskriv berekna netto nytte og beskriv stikkordsmessig ev. store ikkje prissatte verknader. (Viss ein samfunnsøkonomisk analyse er gjennomført)

Overordna gevinstrealiseringsplan:

Omtale/vedlagt/ikkje utarbeida

Nærare om satsingsforslaget

Bindingar på tiltaket:

Vi ber dykk beskrive kva for bindingar satsingsforslaget høyrer inne under:

- Politisk høgt prioriterte forslag som krev økte løyvingar for å kunne bli innfridd
- forslag med praktiske bindingar eller juridiske forpliktingar
- forslag om utgiftsauke til effektiviserings- og strukturtiltak, f.eks. digitaliseringstiltak.

Under følger meir detaljert informasjon om satsingsforslaga, samt ein omtale av forslaga i tråd med Utredningsinstruksen:

1. Kva er problemet, og kva vil vi oppnå?

Sjå supersida

2. Kva tiltak er relevante?

Kva for tiltak er vurdert som alternativ til det anbefalte.

Kvifor anbefalast ikkje disse?

0-alternativet (å ikkje foreta seg noko), er også eit alternativ. Vi er særskild bedne om gi ein nærmare vurdering av kva problemet er og forventa utvikling framover ved en vidareføring av dagens ressurs- og verkemiddelbruk.

3. Kva tiltak anbefalast, og kvifor?

4. Kva for prinsipielle spørsmål reiser tiltaket?

5. Kva er dei positive og negative verknadene av tiltaket, kor varige er dei og kven blir påverka?

Kva slags dokumentasjon finnes for verknadsvurderingane?

[Her kan ein referere til supersida for å spare plass].

6. Kva er føresetnadene for vellykka gjennomføring?

Utfyllande informasjon

Under kan de fylle ut meir informasjon dersom det ikkje er plass til dette på «Supersida».

Dersom det er ønskeleg å trekke fram moment som også er trekt fram i boksane på «supersida» er det tilstrekkeleg å vise til denne.

Potensiell klimaeffekt av forslaget, dersom det er relevant for klima- og miljøområdet.

Fyllast inn dersom relevant (for å svare ut bestilling frå KLD).
--